

# Årsmelding 2022

## Lom Knipsarlag



### Styret har i 2022 vore slik:

Leiar	Steinar Hov
Nestleiar	Øyvind Pedersen
Kasserar	Magnar Kolden
Sekretær	Liv Marie Øyjordet
Styremedl.	Per Bådshaug
Vararepr.	Asbjørn Myrhaug
Valgkomite	Knut Holen og Jon Gunnar Rust
Revisjon	Svein Ovesen og Olav Magnar Bø

**Årsmøte** vart halde 22. februar på Fossberg. Hans Johan Sagrusten synte fram bilete frå Ukraina. Det var 8 medlemer på møtet.

**Medlemskontingent:** Vart ikkje endra.

Enkeltmedlem Kr. 500,-    Familiemedlem Kr. 600,-    Ungdom under 20 år kr. 250,-  
Medlemskap i NSFF inngår i kontingenten.

**Medlemer:** Lom Knipsarlag hadde 12 medlemer i 2022.

### Heimeside og sosiale media:

\* Det har vore brukt lite tid på oppdatering av heimesida i 2022. Styret bestemte på slutten av året at vi prøver å få ned utgiftene til denne. Dette arbeidet er i gang.

\*Lom Knipsarlag har konto på Facebook og Instagram. Desse plassane har stort sett vore brukt til å kunngjere medlemsmøte og arrangement.

**Styremøte i 2022.** Det har vore 4 styremøte.

Enkelte saker har og vore drøfta og avgjort på medlemsmøte.

**Medlemsmøte:** Det har vore 8 medlemsmøte i 2022.

Innhald på møta: Biletframsyning med m.a. tema «Ski». Bruk av Photoshop Elements 14 v/Øyvind Pedersen. Videofilming og redigering med mobil v/Robert Strind. Framsyning av sjølvlagde videoar og Biletframsyning mellom anna frå natt-himmel, stjerne og mjølkeveg v/Even Blikken.

Minikonkurransar: Tema «Rennande vatn» og 2 x «fritt motiv».

**Turar:** Det har vore 3 turar.

\* 2. april: Tur til Gjerdingje-gjelet i Garmo med hovudvekt på fotografering av is og vatn.

\* 18-19. juni: Overnattingstur på Sota Sæter. Tema var video, og opplæring i videoredigering med programmet «DaVinci Resolve». Kurshaldar Fredrik Apalseth. Det var med 6 medlemer frå Lom Knipsarlag og to frå Vågå Kameraklubb. Triveleg døgn med gode attendemeldingar.

\* 6. september: Fototur til Bøverkinnhalsen med fine haustfargar.

**Investeringar:** I februar 2022 kjøpte klubben ny stasjonær datamaskin og monitor berekna for biletbehandling og videoredigering. I samband med dette vart klubben og godkjent som «non-profit» organisasjon hos Microsoft og har med dette gratis «Office 365-abonnement».

**Lomskalender 2023.** Tema for kalenderen vart ein 40-års jubileumskalender med svart-hvitt bilete. Bileta vart henta frå og med kalenderane i 1983 då Lom Knipsarlag vart stifta. Dugnadsinnsats frå fleire av medlemane og gjennomgang på eit medlemsmøte, resulterte i ein kalender med «historiske» bilete frå heile Lom Kommune.

### **Nasjonalparkriket foto- og filmfestival 2023**

Representantar i treffkomiteen. Frå Lom Knipsarlag valde årsmøtet Liv Marie Øyjordet og Øyvind Pedersen.

Lom 10. januar-2023

Steinar Hov - Leiar